



KnarvikMila  
Pb 117  
5903 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4341 - 14/11597

Saksbehandlar:  
Morgan Taule  
Morgan.Taule@lindas.kommune.no

Dato:  
13.05.2014

## Aktivitetsløype i Knarvik

### **AKTIVITETSLØYPE FOR PERSONAR MED ULIKE FUNKSJONSHEMMINGAR.**

Eg er einingsleiar for tilbodet til funksjonshemma i Lindås kommune, og eg opplever i mitt daglege arbeid at det er mange med ulike funksjonshemmingar som ynskjer å vere aktive i nærmiljøet. Nokre har moglegheit til å bruke etablerte idrettsanlegg o.s.v., medan andre har utfordringar som gjer det meir krevjande å kunne delta med fritidssysler/ trening o.s.v. Brekkeløypa vert mykje nytta, og er eit kjempeflott tilbod til gruppa, og like eins vert NH halle nytta når denner måtte ha ledig kapasitet.

Målgruppa vår i eining for funksjonshemma er ikkje ei einsarta gruppe, og ofte er det dagsform eller humør elles som avgjer om det er mogleg å kunne verer aktiv. Me saknar difor eit meir variert, men likevel tilpassa aktivitetstilbod til målgruppa. Me trur vidare at eit tilpassa tilbod til målgruppa også famnar om elevar i den vidaregåande skulen med funksjonshemmingar, elevar ved Læringscenter og personar som treng assistanse frå psykisk helsevesen.

Er det mogleg for KnarvikMila å kunne leggje til rette for t.d. ei aktivitetsløype/ meistringsløype som er tilpassa personar med ulik funksjonshemming her i Knarvik? Gjerne aktivitetar som kan fremje personleg utvikling både kroppsleg og mentalt! Dette kan vere alt frå å få tilpassa ein rullestolrampe for personar som ynskjer å kunne fiske, til å byggje ulike mindre baner for personar som ynskjer å spele boccia eller liknande. Aktivitetar som fremjar balanse, kropps kontroll og styrke er det alltid behov for å trene, og dersom dette kan gjerast i friluft –i tillegg til å ha det kjekt – ja, dert hadde vore fint!

Håpar at dette kan la seg realisere i Knarvik, og dersom der er nokon som kan få det til, ja då trur me det er eldsjelene i KnarvikMila

Med helsing

Morgan Taule  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*





**Mottakarar:**  
KnarvikMila

Pb 117

5903

ISDALSTØ